



**DET KONGELEGE
SAMFERDSSELSDEPARTEMENT**

Ifølge liste

Dykkar ref
200507791-138

Vår ref
10/342

Dato
25.04.2012

**4-årig belønningsavtale med Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune –
Samferdselsdepartementet si vurdering av rapportering for 2011 og tildeling
av midlar for 2012**

Vi viser til mottaken rapportering for 2011 til avtalen mellom Samferdselsdepartementet og Bergen kommune/Hordaland fylkeskommune om tilskot til betre kollektivtransport og mindre bilbruk ("belønningsordninga") for perioden 2011-2014.

Føremålet med ordninga er å stimulere til betre framkome, miljø og helse i storbyområda ved å dempe veksten i behovet for motorisert transport, og auke talet på reiser i kollektivtransport på kostnad av reiser med privatbil. Ordninga skal byggje opp under målsettingane i Klimaforliket og Soria Moria II-erklæringa og må sjåast i samheng med etableringa av bypakkar. I omtalen av belønningsordninga i Klimaforliket står det m.a. at "byområder som ønsker å utprøve veipricing, differensierte bompenger eller andre trafikkregulerende tiltak skal prioriteres".

På vegne av departementet har Statens vegvesen Vegdirektoratet gått gjennom rapporteringa og samanlikna denne med innhaldet i avtalen.

Effektmåla i avtalane er:

- Den samla biltrafikken i bompengeringen i Bergen skal ikkje auke i avtaleperioden sjølv om befolkninga og/eller talet på arbeidsplassar aukar.
- Biltrafikken inn mot Bergen sentrum skal i periodar med stor andel av arbeidsreiser, reduserast med 5 % i 4-årsperioden.

Det første målet inneber at trafikknivået i bomringen i løpet av i 2014 skal vere på 2010-nivå. Frå 2010 til 2011 auka den samla biltrafikken gjennom ringen. I forhold til måla i avtalen er dette ei utvikling i gal retning. Trafikken inn til Bergen i rushtida er derimot noko redusert frå 2010 til 2011, ei utvikling i riktig retning sett i forhold til måla i avtalen.

I avtalen står det vidare:

Postadresse
Postboks 8010 Dep
0030 Oslo

<http://www.sd.dep.no/>

Kontoradresse
Akersg. 59

postmottak@sd.dep.no

Kollektivtransport- og
baneavdelinga

Telefon 22 24 90 90

Saksbehandler
Åse Nossun
22248145

Org no. 972 417 904

- Seinast innan utgangen av 2011 skal det fattast vedtak om bruk av restriktive virkemidlar som er eigna til å redusere biltrafikken og auke bruken av alternative transportmidlar. Eit slikt vedtak er ein føresetnad for utbetaling av midlar i 2012, 2013 og 2014.
- I samband med vedtaka skal det og ligge føre ein konkret handlingsplan for korleis måla for trafikkutviklinga skal nåast og korleis inntektene skal fordelast dei næraste åra.

Dei lokalpolitiske vedtaka om restriktive verkemiddel er fatta tidlig i 2012, ikkje i 2011 som det står i avtalen.

I det fylkeskommunale vedtaket frå 16.juni 2010, som var grunnlaget for belønningsordninga, legg fylkesutvalet til grunn at ei ordning med tidsdifferensierte bompengar er knytt til auka statleg medverknad i finansiering av vidare utbygging av bybanen i Bergen, til dømes gjennom tilskot frå belønningsordninga. Samferdselsdepartementet ser at dette ikkje er fylgt opp da det ikkje er vedteke tidsdifferensierte bompengar eller rushtidsavgifter, men auka bompengetakstar frå 1.januar 2013.


I den framlagte tiltaksplanen er auka bompengetakstar det sentrale restriktive virkemidlet for å nå målet om redusert biltrafikk innan den fristen som er sett i avtalen. Førebelse vurderingar frå Statens vegvesen viser at effekten av den foreslåtte auken av bompengetakstane kan bidra til at den avtalte målsettinga i avtalen kan realiserast, men grunnlaget for berekningane er grove. Departementet har på denne bakgrunn bede Vegdirektoratet om å gjere ei ytterlegare vurdering av verknaden av foreslått auke i bompengetakstane i høve til det avtalte målet. Vi ønskjer ei kvalitetssikring, om mogleg sett i forhold til KS1 for Bergensregionen.

Statens vegvesen peikar og på at ingen av dei planlagde innfartsparkeringsplassane er etablert i 2011 og at grunngjevinga for dette er mangelfull. Det er også urovekkande at det i tiltaksplanen er lagt opp til færre innfartsparkeringsplassar for bil og sykkel enn det er sagt i søknaden. I tillegg ber vi om betre konkretisering av planar for, og etablering av gang- og sykkelveggar. Vi har bedt Vegdirektoratet om ei vurdering av desse spørsmåla.

Statens vegvesen Vegdirektoratet er bedt om å ta kontakt med Hordaland fylkeskommune/Bergen kommune for ytterligare opplysningar ved behov. Kopi av vårt brev i dag til Vegdirektoratet vert sendt.

Med tilvising til det som her er nemnt, vil Samferdselsdepartementet betale ut 90 mill.kr no. Resterande sum vert betalt ut ved tilfredstillande svar i forhold til måloppnåing i avtalen.

Med helsing



Arnfinn Øen (e.f.)
avdelingsdirektør



Ase Nossum
seniorrådgjevar

Kopi til:
Vegdirektoratet

Postboks 8142 Dep.

0033 OSLO

Adresseliste

Hordaland fylkeskommune

Postboks 7900

BERGEN

Bergen kommune

Postboks 7700

BERGEN